



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 17.03.2015
Vår ref.: 2015/3252-1
Saksbehandlar: gunhans
Dykkar ref.:

U-864 - Kvikksølvet må bort frå havet - uttale frå Hordaland fylkesting

Hordaland fylkesting har i møte 11. mars 2015 samrøystes vedteke slik uttale:

"U-864 – Kvikksølvet må bort frå havet

Det er no snart 12 år sidan vraket av U-864 blei funne vest for Fedje. Ein reknar med at den var lasta med omlag 67 tonn metallisk kvikksølv.

Mykje utgreiing er gjort, men ikkje noko kvikksølv har kome opp frå havbotnen. Derimot lek det omlag 4 kg kvikksølv årleg ut i havet.

Kystverket var ferdig med si siste undersøking i mars 2014, sidan er saka sendt til Samferdselsdepartementet for vidare handsaming. Det er no snart eit år sidan!

Det er forståeleg at ei heving av kvikksølvet må gjerast på ein sikker og trygg måte, og at ein må ta omsyn til faglege råd, men må det ta så lang tid?

Stadige utgreiingar og vurderingar og nye rundar, skapar på ny tvil og sinne hos heile kystfolket i Hordaland. Ei tildekking fjernar ikkje kvikksølvet, heller ikkje den uvissa som vil vera knytt til utsleppa i generasjonar framover.

Vi ønskjer å bu ved kysten og kunne hauste av eit reint hav – og vi ønskjer at borna våre skal kunne gjere det same! Hordaland fylkesting krev difor at kvikksølvgifta vert fjerna på forsvarleg vis. Vi forventar at regjeringa legg til rette for ei avslutning av saka om U-864."

Med helsing

Tom-Christer Nilsen
fylkesordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.